
Etablerarservice i Modalen, Osterøy og Vaksdal

ETABLERE EIGA VERKSEMD ?

Størstedelen av nyskaping og vekst skjer i små og nystarta verksemdar.

Etablerarservice i Modalen, Osterøy og Vaksdal er eit fellestiltak for å stimulere til ein aktiv nyskapingsskulture og for å få fleire, meir levedyktige nyetableringar i området.

Både private verksemdar og offentlege etatar som har oppgåver innan det å hjelpe fram etableringar, vil drive fram tiltaket.

Rettleiing og hjelp

I samband med ei etablering kjem du i kontakt med mange instansar, private og offentlege. Her er både rammevilkår som du må følgje og ressursar som du kan dra nytte av. Du kjem i kontakt med mellom anna bank og rekneskapskontor, kommune og næringssselskap, Brønnøysundregistra og fylkesskattesjefen, arbeidskontor og likningskontor.

Etablerarservice i Modalen, Osterøy og Vaksdal vil arbeide for at du får best mogeleg hjelp og oppfølging for å etablere og drive verksemda di. Ta difor kontakt og forvent noko av oss! Ta gjerne først kontakt med den som har sendt deg/ levert deg denne orienteringa.

Opplæring/utvikling

I tillegg til å freiste å vere gode hjelparar undervegs vil me og tilby eit opplærings- og utviklingsprogram for etableringar og nyetablerte verksemdar. I programmet vil me gjerne og ha med nokre av dei som i skulen arbeider for å gjere elevane til gode entreprenørar/ næringslivsfolk gjennom m.a. elevbedrifter.

For alle interesserte vil me halde orienteringsmøte/ etablerarverkstad 30. 9. 2003 (Lonevåg) og 1.10.2003 (Dale). For dei som vil vere med vidare, tilbyr me først ei 2-dagars arbeidsøkt om personlege mål, val, konsekvensar og planlegging. Her får du og arbeide litt med sjølvne forretningsideen din. Så følgjer ei kursrekke frå november til ein gong utpå våren 2004, der me går gjennom forretningsplanen din fram til praktisk etablering/ eventuelt justering av kursen.

Initiativtakarar til kurset er Osterfjord Næringsssamarbeid som er eit samarbeidsorgan for Vaksdal Næringssselskap AS (www.vnsas.no), Industriksulenten på Osterøy (www.osteroyindustri.no), næringsksulenten i Modalen kommune (www.modalen.kommune.no), Osterøy Utvikling (www.o-utvikling.no) og Osterfjord Reiselivslag (www.osterfjord.net). Vaksdal Næringssselskap er sekretariat. Kurset vert også gjennomført i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Statens Nærings og Distriktsutviklingsfond (SND) og Fylkesmannen/Landbruksavdelinga som m.a. er med på finansieringssida. Vaksdal Næringssselskap er sekretariat også for kurstilbodet. Les vidare dersom du kan tenkje deg å vere med på dette kursprogrammet.

Personleg Planlegging

2-dagars samling; personlege mål, val, konsekvensar og planlegging.

Her får du leggje grunnlaget for den innsatsen som etableringa vil krevje med personleg avklaring og planlegging.

Du vil verte betre kjend med deg sjølv og føresetnadene dine for å starte og drive eiga verksemd, og kva for hjelp du bør søkje hjå andre.

Utviklingssamlingar

4 utviklingssamlingar frå ca november 2003 til utpå våren 2004.

Her får du hjelp til ein grundig gjennomgang av ideen og grunnlaget for etableringa di. Du får utvikle forretningsplanen din, med gjennomgang av marknad og konkurranse, økonomi, kalkylar, budsjett og finansiering, og du arbeider med praktiske tilhøve knytt til di etablering og drift.

I rettleiarstaben har me med folk med røynsle frå rettleiing og opplæring og frå praktisk næringsverksemd. Andre rettleiarar, helst lokale, vert også trekte inn ut frå kva trong/ynskje deltakarane har.

Endeleg ynskje om deltaking på utviklingssamlingane tek du stilling til etter samlinga om Personleg Planlegging.

Det er med andre ord i utgangspunktet ein føresetnad for å delta på Utviklingsprogrammet, at ein har gjennomført kurset i Personleg Planlegging.

Kursplan

<u>Etablerarverkstad</u>	<i>Tysdag 30.9.03 kl 19.30 i Lonevåg og onsdag 1.10.03 kl 19.30 på Dale. Sjå invitasjon. Møte med nyetablert verksemd og med lokale hjelpearar</i>
<u>Personleg Planlegging</u>	<i>Deltakarane og hjelpearane får tid til å snakke med kvarandre</i> <i>Fredag og laurdag med overnatting, 31.10. og 1.11.03. Start fredag kl 11.30, slutt laurdag kl 14.00..Truleg på hotellet Fjordslottet, Fotlandsvåg.</i> <i>Fredag og litt av laurdag: Personleg Planlegging/ avklaring.</i> <i>Laurdag: Forretningside og forretningsplan.</i>
<u>1. utviklingssamling</u>	<i>Oppgåve til neste samling: Eigen forretningside og marknadsvurdering.</i> <i>Laurdag i november. Stad vert fastsett saman med deltakarane.</i> <i>Marknads- og konkurransetilhøve.</i> <i>Introduksjon økonomi</i>
<u>2. utviklingssamling</u>	<i>Oppgåve til neste samling: Eigen personlege evt bedrifts-økonomi</i> <i>Laurdag i januar 04.</i> <i>Budsjett for drift og likviditet, kalkylar.</i> <i>Produkt og marknad.</i>
<u>3. utviklingssamling</u>	<i>Oppgåve til neste samling: Driftsbudsjett og produkt-/marknadsoversyn.</i> <i>Laurdag i februar 04</i> <i>Sals- og forhandlingsteknikkar.</i>
<u>4. utviklingssamling</u>	<i>Oppgåve til neste samling: Test marknaden</i> <i>Fredag og laurdag i mars med overnatting.</i> <i>Strategisk planlegging. Formelle sider ved etablering. Finansiering.</i> <i>Kritiske faktorar, hovudutfordringar. Handlingsplan.</i>

Det er høve til og ynskjeleg at det vert teke opp tema som deltakarane er interesserte i. Kursplanen er fleksibel og kan endrast undervegs. For dei som ynskjer det, vert det høve til gruppesamlingar mellom utviklingssamlingane. Som støtte for arbeidet kjem me til å nytte informasjon og arbeidsdokument som er tilgjengelege på www.etablerer.no

Kvifor delta

Gjennom dette programmet vert du tryggare på deg sjølv og om du gjer rett i å etablere (eller føre vidare) eiga verksemd.

Om svaret er ja, får du eit betre grunnlag for etableringa og for den verksemda du skal utvikle.

Du sparar tid og vert meir effektiv i etableringsfasen av di du har gjort mykje av planarbeidet på førehand.

Og du får eit verdfullt nettverk av informasjonskjelder og gode samarbeidspartnerar, både kollegaer/etablerarar og støttespelarar. Erfaringar frå tidlegare kurs viser at deltakarane legger stor vekt på det dei har fått ut av samspelet med dei andre etablerarane.

Kva krevst

Du må ha vilje til å skape resultat gjennom eigen innsats. Du bør ha ein brukbar ide som du trur vil gje grunnlag for den verksemda du vil starte.

Og du må vite med deg sjølv at du vil stå på gjennom heile den perioden programmet varer, med ein god del ekstra arbeid.

Du må vere viljug til å samarbeide med dei andre deltakarane, og raust dele med dei den kunnskapen og dei erfaringane du har.

Og du må kunne setje av den tid som trengst til samlingane.

Det er ein fordel for kurset at me har med deltakarar på ulike stadium i etableringa, gjerne også nokre som har starta opp.

Økonomi

Deltakaravgifta for kurset vert:

Personelg planlegging: kr 400,-

Utviklingsprogrammet: kr 1.500,-

Dette dekkjer også overnatting/ mat. Giro vert tilsend.

I fleire av kommunane kan det vere høve til å ta med kursavgifta i søknadsgrunnlaget for ei eventuell oppstartingshjelp.

Søknad om deltaking

Du må fylle ut eit eige søknadsskjema som du finn på neste side.

Søknaden skal sendast: Osterfjord Næringsssamarbeid ved Vaksdal Næringssselskap AS
Postboks 103
5721 Dalekvam
Telefon 56 59 71 00
Telefaks 56 59 71 01
E-post: vns@vaksdalnet.no

Søknadsfrist: måndag 6. oktober 03

Etablerarservice i Modalen, Osterøy og Vaksdal

Etablerarservice i Modalen, Osterøy og Vaksdal er eit fellestiltak for å stimulere til ein aktiv nyskapingsskulturr og for å få fleire, meir levedyktige nyetableringar i området.

EIGA VERKSEMD – FRÅ TANKE TIL STABIL BEDRIFT

SØKNAD OM DELTAKING PÅ ETABLERARKURSET HAUSTEN 2003

PERSONLEGE MÅL, VAL, KONSEKVENSNAR OG PLANLEGGING 31.10-1.11.03

... ja, eg ynskjer å delta på kurset

UTVIKLINGSSAMLINGANE NOVEMBER 03 TIL UTPÅ VÅREN 04

... ja, eg trur eg ynskjer å delta på samlingane

Namn: *Alder:*

Adresse: *Kommune:*

Telefon privat: *Telefon jobb:* *Faks:*

E-post:

Bakgrunn (litt om utdanning, praksis, arbeidssituasjon m.v.):

.....
.....
.....
.....

Kort orientering om forretningsideen min/ grunngevinga for påmeldinga:

.....
.....
.....

Søknaden må sendast innan 6. OKTOBER 2003 til: Vaksdal Næringssselskap AS, postboks 16, 5721 Dalekvam, telefon 56 59 71 00, telefaks 56 59 71 01, E-post: vns@vaksdalnet.no